

Årsmelding for Ytre Gulen hjortevald 2010

Hjortejakta i 2010 er over, og den 3-årige driftsplanperioden er også slutt. Tida er inne for å oppsummere.

Leiing:

Styret har vore slik samansett i heile perioden:

Normann Grimen	leiar
Erling Nesse	nestleiar
Øyvind Lid	skrivar
Reidar Byrknes	kasserar
Kjell Kversøy	styremedlem

Varafolk:

Oddbjørn Mjømen
Olav Storenes

Jakta 2010

Siste året felte vi 53 dyr i valdet. I tillegg vart det skote ei kolle som var skadd i eine hofta. Totalt i den perioden bestandsplanen var utarbeidd for, enda det med 136 felte av 147 tildelte dyr. Det gjev ein fellingsprosent på 92,5 noko som vi skal sei oss rimeleg nøgde med. Fellingsprosenten kunne nok ha vore høgare viss vi hadde fått til dette med uttak av dyr i andre jaktfelt enn der dei er tildelt. Ein forsiktig start på dette vart det no likevel. Eit jaktfelt på Mjømna felte det eine dyret sitt på Ånneland. Takk til Ånneland for å tenkje på valdet og ikkje berre på seg sjølv.

I 2010 vart det felt 4 dyr som vi klassifiserte som skrapdyr etter dei reglane vi har sett opp i valdet. Det var 2 ungvokser (36,5 kg og 34 kg) og 2 kalvar (13 og 17 kg). Det er bra at slike dyr vert tekne vekk og ikkje kjem i avl. Jegeren må vere som rovdyra, - ta dei svakaste fyrst. Det er dei største og sterkaste vi må avle på. Det gjev ein sunn og frisk stamme som produserer optimalt.

Jaktmoralen har vore god, det er ikkje meldt om noko ureglementert. At det kan førekome trakking inn på andre jaktfelt enn der ein skal vere, er ikkje til å unngå når det ofte kan vere jegerar som ikkje er godt kjende i området. Alle kan ta feil ein gong i blant.

Rapportering frå jeger / jaktfelt til valdet etter at jakta er slutt, var ikkje god nok dette året heller. Det vert ufatteleg mykje ekstra arbeid og tidhefte både for styreleiaren og kommunen når ikkje rapportane kjem inn til den tid dei skal. Det er dei same som er flinke kvart år og dei same som heng etter. Her er ikkje noko rullering. Målet må vere at alle skal bli flinke. Det vi registrerer under jakta, er viktig informasjon når vi no skal i gang med ny bestandsplan. Jaktfeltsleiarane må nok stramme opp jegerane sine, og fortelje dei kor viktig det er at dei noterer og leverer frå seg skjema så snart jakta er over. Og så er det like viktig at skjema vert sendt vidare.

Sett-hjort og slaktevekt-registreringane er eit godt verktøy til å sjå kva veg det går med hjortebestanden.

Det har vore helde 5 styremøte i 2010.

Planperioden 2008 -2010

Vi er no ferdige med den fyrste 3-årsplanen. Tida er inne for å oppsummere om vi har klart dei måla vi sette oss i 2008.

Vi skulle ta ut 49 dyr pr år i snitt. Vi tildelte 49 , 56 og 59 desse åra, og felte 39, 44 og 53 dyr . Dette at vi kan tildele dyr "fleire" gonger er ein av fordelane med å vere organisert i storvald. Vi disponerer dei dyra vi er tildelt (gjennom planen) i dei 3 åra som planperioden lyder på.

Tildelt / felte i planperioden

	% i plan	Tildelt	Felt	% av felte	Oppnådd ?
Kalv	20	29	24	16,9	Nei
Ungdyr	35	43	43	32,4	Nei
Eldre kolle	25	37	34	24,3	Ja
Eldre bukk	20	29	35	26,5	Nei
Sum	100	146+1	136	92,5	

Tabellen viser vel at vi ikkje skal vere heilt fornøgd med oss sjølve . Kjønnfordelinga er nokolunde grei, men det er teke ut for lite ungdyr og kalv .Vi må nok verte flinkare med å ta ut det vi er tildelt i neste planperiode.

Kan hende det vil vere lettare viss vi tenkjer på valdet og ikkje på vårt eige jaktfelt. Hjorten er rask til beins og spring frå eitt jaktfelt til eit anna. Han ser ikkje grensene.

Skal vi treffe med det som er tildelt i driftsplanen , må vi nok innsjå at det fornuftig å felle dyra der dei står til ei kvar tid.